

Styremøte Sogn og Fjordane Sau og Geit på Reset 04.12.2008

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Margaret Skåre, Tom Idar Kvam og

Eli Berge Ness.

Sak 30/08 Referat og meldingar

- Møte sankelaga i Sogn, Bondelaget og Mattilsynet 27.11.

Tom Idar møtte. Gjennomgang av situasjonen. Wangen frå departementet og SNO sentralt melde forfall, Golf møtte for SNO. Etter at perioden for lisensjakt er over, skal ein vurdere situasjonen. Det kan vere aktuelt at Mattilsynet går ut med varsel om beitenekt komande sesong.

Det blir oppretta ny stilling som regional rovviltasnarleg i region 1. Denne stillinga skal leggest til Sogn.

- Høyring frå NSG om nedlegging av avlsutval geit. Høyringsutkast sendt til avlsutvala og bukkeringane, ikkje til fylkeslaga. SFSG sende ikkje tilbakemelding på dette, då vi ser det som ei grei sak. MRSG sende inn svar med gode innspel.
- Høyring Regionalt Miljøprogram. Innspel frå SFSG der vi gjekk mot fjerning av tilskot for husdyr på utmarksbeite.
- NM gjetarhund Stryn 17.-19. oktober. Bra opplegg, godt gjennomført. Gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Margaret var med som arrangør.
- Representantskapsmøte NSG 22. og 23. oktober. Leif møtte.

Fagdag geit

Sal av Parkveien

Fotrote

- Leiarsamling 30.okt-02. nov. Dette var eit kjekt opplegg med interessante synfaringar.

Komande år skal SFSG invitere Møre og Romsdal på besøk.

- Geitehelg på Skei, Geit i Vekst 08.-09. november. 93 deltakarar. Halvar møtte laurdag, Margaret og Lars Olav deltok heile helga.
- Stavang Sau og Geit 50 år. Markering 8. november. Halvar møtte.
- Leiarsamling Sogn og Fjordane Bondelag 14. og 15. november. Leif møtte. Lars Olav hadde innlegg om kvifor han ville bli bonde, og gjorde ein god jobb med det.
- Skipingsmøte Norsk Geitesenter, Aurland 19. november. Eli møtte.
- Møte avlsutval. Tre i fylket har kjøpt inn utstyr og vil starte med scanning.

Sak 31/08 Forvaltningsplan rovvilt region 1

Den nye forvaltningsplanen er ute på høyring med frist 15. desember. Bondelaget v/ Merete Støfring har skrive merknader til planen. Dette utkastet vart gjennomgått i samband med møtet sankelaga i Sogn hadde 27.11.

Vedtak: SFSG sluttar seg til merknadane frå Bondelaget. Har nokon meir innspel å kome med, tek dei kontakt med Tom Idar innan fristen slik at han vidareformidlar dette.

Sak 32/08 Rovdyrplakatar

Det er laga utkast til plakatar som oppfordrar folk som går i fjellet å melde frå om dei observerer dyr eller spor. SFSG må sende informasjon om plakatane til alle sankelaga. Sankelaga må gje tilbakemelding til om kor mange plakatar dei ønskjer å tinge.

Beste løysinga er at ein har kvite felt der ein skal setje inn namn og tlf.nr. til kontaktpersonar i sankelaget og SNO-kontakt. Då kan sankelaga føre på dette sjølve med merkepenn. Svarfrisk skal vere 1. februar.

Vedtak: Eli skriv brev og sender ut til alle sankelag med informasjon. Halvar er kontaktperson mellom Brita som får laga plakatane på SJH i Aurland og SFSG. Halvar og Tom Idar tek mot tingingar av plakatar.

Eli skriv søknad til fylkesmannen om støtte til 200 plakatar à kr. 100,-.

Sak 33/08 Kompetansekrav

Frå 01.01.2009 er det innført kompetansekrav for storfe, hest og struts. For småfe gjeld kompetansekravet frå 01.01.2010. Mattilsynet skal ikkje godkjenne kursopplegg for småfe.

Alle lokallag har fått tilsendt informasjon om studiemateriell for sau frå NSG. Kursopplegget for geit skal vere klart over nyttår. Animalia skriv ut kompetansebevis for dei som har gjennomført kurset ut frå innsende liste over deltakarar på samlingane.

Vedtak: SFSG oppfordrar alle medlemmane sine til å gjennomføre kurset som gjev kompetansebevis. SFSG sender også ein e-post til landbrukskontora i alle kommunane i fylket og informerer om kva kursopplegg som fins for småfe, og korleis ein kan få tak i det.

Sak 34/08 Styreverv NSG

I samband med landsmøte i NSG i mars komande år, har NSG bede om innspel frå fylkeslaga når det gjeld tillitsverv.

Vedtak: SFSG ønskjer at Erling Offerdal skal halde fram i styret. Han gjer ein god jobb, og er kunnskapsrik på mange område.

Sak 35/ 08 Budsjett og rekneskap.

Gjennomgang av rekneskap så langt i år.

Midlane som var forskotterte til mobile sankekvier i Askvoll og Holmedal er ikkje tilbakebetalte enno. Dette har ein fått lovnad på at det snart er i orden.

Samarbeidsmidlane som vart løyvde til samarbeidstiltak i Lærdal, kr. 10.000,- er ikkje betalte ut enno.

Vedtak: SFSG tek kontakt med Askvoll og Holmedal for å purre på tilbakebetalinga.

Halvar tek kontakt med fylkesmannen for å få orden på midlane som skal utbetalast til samarbeidstiltak i Lærdal. Dette skal vere i orden innan 19. desember.

Sak 36/08 Leiargodtgjerdsle avlsutval sau

For avlsutval geit blir det utbetalt leiargodtgjerdsle sau på 6.000 kr pr. år. Det har til no ikkje vore tilsvarande utbetaling når det gjeld avlsutval sau.

SFSG ser at avlsutvala gjer ein både god og viktig jobb. For avlsutval sau har det vore ekstra mykje arbeid i år, p.g.a. ekstra tiltak ved gjennomføring av kåringer med tanke på fortrote.

Vedtak: Audun Nedrebø skal ha utbetalt kr. 6.000,- for arbeidet som leiar for avlsutval sau for arbeidsåret 2008. I tillegg får leiar av avlsutval 100 kr pr. mnd. til å dekke kostnader til telefon og internett, til saman kr 1.200,-. Halvar kontaktar valnemnda om å få denne godtgjerdsla inn som årleg godtgjerdsle til leiar for avlsutval. Dette skal leggest fram for årsmøtet komande år.

Sak 37/08 Heimesider SFSG

Eli har vore i kontakt med NSG med tanke på å få oppretta heimesider. I første runde tingar vi ordinært oppsett der ein kan legge ut aktuelle saker, bilete og møtereferat. I tillegg skal sida ha kalender, slik at både fylkeslag og lokallag kan informere om møte, kurs og andre ting.

Vedtak: SFSG nyttar seg av tilbodet til å opprette heimesider gjennom NSG. Sidene skal vere i drift frå januar 2009. Eli tek i første omgang ansvar for sidene.

Sak 38/08 Årsmøte 2009

Årsmøtet blir i Loen i februar.

Vedtak: Halvar kontaktar hotellet for å tinge plass til årsmøtet 20. og 21. februar eller 27. og 28. februar. Gjev tilbakemelding til Eli, slik at ein kan opplyse lokallaga om datoen når ein sender ut infoskriv til lokallaga med møtereferat fro andre halvår.

Eli tek ansvar for å informere NSG om årsmøtedato for å få nokon til å kome på årsmøtet.

Sak 40/08 Årsmelding 2008

SFSG held fram samarbeidet med Gulaprent om årsmelding. Det er viktig at folk prøver å halde fristane slik at vi er sikre på at vi får trykt årsmeldinga i god tid til årsmøtet.

Vedtak: Arbeidsfordeling årsmelding:

Margaret tek ansvar for annonser. Eli skriv årsmelding og redigerer.

Leif tek kontakt med dei som skal ha stoff inn i årsmeldinga for å fortelje at frist for stoff er 10. januar. Dette gjeld avlsutvala, gjetarhundnemnda, Geit i Vekst, Framtidsretta sauehald, SNO og Arbeidsgruppa for Nasjonalt Geitesenter, Aurland.

Sak 41/08 Nordisk 4H-leir på Breim 2009

SFSG har fått søknad frå Sogn og Fjordane 4H om økonomisk støtte i samband med at det skal arrangerast nordisk leir på Breim juli 2009.

Vedtak: SFSG løyver 500 kr til nordisk 4H-leir i på Breim 2009. Pengane skal betalast ut til ktonr. 3705 11 25895 før jul.

Sak 42/08 Heidersmedlem i lokallag

Eit av lokallaga har kontakta fylkesstyret for å få godkjent utnemning av heidersmedlem i laget. Grunngeving for utnemninga er sendt fylkesstyret. Lokallaget ønskjer at dette ikkje skal bli offentleg kjent før utnemninga har funne stad.

Vedtak: SFSG godkjenner utnemninga av heidersmedlem i eit lokallag. Ut frå grunngevinga som er sendt fylkeslaget, ser ein at denne personen har gjort ein god innsats for småfehaldet i laget. Søknaden med grunngeving blir lagt ved møteboka.

Sak 43/08 Ymse

- Jon Heggdal vart 80 år 18. november. SFSG hadde blomehelsing til dagen.
- Årsmøte Sogn og Fjordane landbruksselskap 9. desember. Halvar møter.
- Fylkesmannen krev liste frå SFSG på 50 bruk som vil starte opp eller auke produksjonen av sau slik at Framtidsretta sauehald kan følge opp desse personane.
- Det blir småfedagar på Skei 16. og 17. januar 2009. Johannes Nedrebø sender ut program frå Nortura. Vi prøver også å få til program som rettar seg særskilt mot dei som driv med ammegeit under denne samlinga.

Møtet slutt.

Ref EBN